

Óðinn og hans ulydige valkyrjer

ELSE MUNDAL

ABSTRACT: *The article presents an overview of the Valkyrie motif in Old Norse sources. The Valkyries have their origins in various religious beliefs and overlap with other female mythological beings. It is moreover clear that Valkyries have a great ability to adjust to changing societal conditions. That Valkyrie motifs can be quite different from one another can be understood against this background. In the most common motifs, Valkyries are presented as Óðinn's women whom he sends to the battlefield to select those who are to die. It is argued that those Valkyries who appear in contexts where they disobey Óðinn are more closely related to the Norns than to him. Valkyries who disobey Óðinn encapsulate a question that must have been especially pertinent in Late Norse times when the Christian idea of one almighty God was known: Who constituted the highest power in life, the Norns or Óðinn?*

SAMANDRAG: *Artikkelen gjev eit oversyn over valkyrjemotiva i norrøne kjelder. Valkyrjene har opphav i ulike religiøse førestellingar og overlappar med andre kvinnelege mytologiske vesen. Det er også tydeleg at valkyrjene har stor evne til å tilpasse seg endra samfunnsforhold. At valkyrjemotiva kan vere ganske ulike innbyrdes, må ein forstå på denne bakgrunnen. I dei vanlegaste motiva er valkyrjene framstilte som Óðins kvinner som han sender til slagmarka for å velje ut kven som skal dø. Det vert argumentert for at valkyrjene i motiv der dei er ulydige mot Óðinn, er nærmare knytte til nornene enn til guden. Valkyrjene som er ulydige mot Óðinn, tematiserer eit spørsmål som må ha vore særleg aktuelt i sein norrøn tid då den kristne førestellinga om den allmechtige gud vart kjend: Kven var den høgste makta i tilværet, nornene eller Óðinn?*

KEYWORDS: *Norns; highest power; heroic poetry; mythical women; beliefs*

Innleiing

I dette arbeidet vil eg drøfte om det vanlegaste biletet i kjeldene, og det mest utbreidde synet mellom forskarane, av valkyrjene som mytologiske kvinner som utfører Óðins

vilje, i den norrøne kulturen har konkurranse av ei anna oppfatning som knyter valkyrjene nærmare til nornene. Kjeldene som knyter valkyrjene til Óðinn er dominerande, men det finst også kjelder som er eigna til å problematisere den nære tilknyttinga. Det finst tekster som framstiller valkyrjer som ulydige mot Óðinn, eller som kan tolkast slik. Dei ulydige valkyrjene aktualiserer eit hovudproblem i heiden norrøn tankegang: Kven styrte tilværet, nornene som fastsette lagnaden, eller gudane? Kjennskap til kristendomen med førestellinga om den allmektige gud, kan ha vore med på å gjere dette spørsmålet stadig meir viktig i den siste fasen av heiden tid. Dei norrøne mytane, som vi har dei, tyder også på at førestellingane om ragnarok og gudanes undergang stod svært sentralt i denne perioden. Også her passsar dei ulydige valkyrjene godt inn. Ulydige kvinner var nok sett som eit teikn på kaos og manglande kontroll både i menneskeverda og gudeverda. I den norrøne mytologien representerte særleg jotunkvinnene den kvinnelege kaosmakta som var eit trugsmål mot den kontroll gudane hadde over tilværet. Men dei ulydige valkyrjene avslører at gudanes kontroll ikkje berre var truga utanfrå, men også innanfrå.

Valkyrjene i dei norrøne kjeldene

Dei norrøne valkyrjene er mytiske kvinneskapsnader med ei noko uklar avgrensing mot andre grupper.¹ Funksjonen deira ligg i namnet, *valkyrja*. Første lekken, *val* (rotform av *valr*) er eit ord for ‘falne i strid’, andre lekken, *kyrja*, er eit ord avleidd av verbet *kjósa* som tyder ‘velje ut’. Norrøne kjelder gjev den framstillinga at dei vel ut dei som skal falle i strid. Dei er oftast skildra som hærkleddde kvinner til hest med fullt våpenutstyr som rid *lopt ok lög* (luft og vatn).² Denne krigerske naturen vert understreke av namna på dei individuelle valkyrjene, typiske namn er t.d. Hildir og Gunnr/Guðr som begge tyder ‘strid’.³

I *Edda, Gylfaginning*, kap. 36, startar Snorri omtalen av valkyrjene med den opplysninga at valkyrjene ber øl til einherjane i Valhall og han siterer *Grímnismál: Þær bera einherjum öl* (dei ber øl til einherjane) som støtte. Også skaldediktet *Eiríksmál*, str. 1 (Finnur Jónsson 1912–15, B I, 164–166), gjev støtte til den oppfatninga at valkyrjene hadde slike kvinnelege sysler. Her bed Óðinn valkyrjene bere vin til kong Eiríkr blóðøx og hans følge når dei kjem til Valhall.

I kjeldene er det likevel valkyrjene sine oppgåver på slagmarka som er dei mest dominerande, og dette er også den funksjonen som samsvarar med namnet deira, *valkyrjur*. I *Edda, Gylfaginning*, kap. 36, seier Snorri i framhaldet av det han sa om valkyrjene som bar øl til einherjane: *Þær sendir Óðinn til hværrar orrustu. Þær kjósa feigð á menn ok ráða sigri* (Dei sender Óðinn til kvart slag. Dei vel kva menn som skal døy og ráder for sigeren). I skaldediktet *Hákonarmál*, str. 1 (Finnur Jónsson 1912–15, B I, 57–60), vert

¹ Sjå også Murphy i denne boka.

² Omsetjingane frå norrønt her og seinare er mine egne.

³ Lister med valkyrjenamn finst i *Vpluspá*, str. 30 (Codex Regius), *Grímnismál*, str. 36–37; *Daradarljóð* som inngår i kap. 157 i *Brennu-Njáls saga*, og i namnetulur (Finnur Jónsson 1912–15, B I, 661 og 678). Eit oversyn over valkyrjenamn finst i Price (2002, 338–340).

det sagt at Óðinn sender valkyrjene Gøndul og Skøgul for å velje kva kongar av Yngvis ætt som skal fare til Valhall for å vere med Óðinn. Både i *Hákonarmál* og i *Eiríksmál* går det fram at det er med tanke på den komande striden i ragnarok at Óðinn samlar krigarar til seg. I *Hákonarmál*, str. 12, der den døde Hákon og ei av valkyrjene skifter ord etter slaget, går det også fram at det er valkyrja som har avgjort slaget, og når kongen spør: *órum þó verðir gagns frá goðum?* (vi var vel verd siger frå gudane?), så viser det at skalden ser valkyrjene og gudane som makter som samhandlar og er på same parti. Diktet *Hákonarmál*, str. 1, viser også tydeleg at valkyrjene er sende ut til slagmarka frå Óðinn i Valhall, og etter slaget, str. 13, rid dei tilbake til Óðinn for å avgje rapport.

I tillegg til Snorris prosatekst og kvada finst det også ein del kjenningar for valkyrjer som er kjelder til dei norrøne førestellingane om dei. Fleirtalet av desse kjenningane har grunnord eller kjenneord som gjev assosiasjonar til kamp, og understrekar dei førestellingane som ligg i namnet. Nokre få av desse kjenningane knyter dei til Óðinn og omtalar dei som Óðins kvinner. Vi har *Herjans nǫnnur* i *Vǫluspá*, str. 30 (Codex Regius), *Herjans dís* i *Guðrúnarkviða*, str. 19,⁴ og *Yggs drós* i Snorris *Edda*, *Háttatal*, str. 50 (Faulkes 1999).⁵ Av desse kjenningane er det truleg berre kjenningen i *Vǫluspá* som skriv seg frå heiden tid, og kjenningen frå Snorris eige dikt, *Háttatal*, må ein sjå bort frå som ei sjølvstendig kjelde i forhold til Snorris eiga prosatekst.⁶

Der er også motiv og opplysningar i kjeldene der valkyrjene opptrer saman med ei av nornene. I *Edda*, *Gylfaginning*, kap. 36, seier Snorri at *Guðr ok Rota ok norn in yngsta er Skuld heitir ríða jafnan at kjósa val ok ráða vígum* (Gunnr og Rota og den yngste norna, som heiter Skuld, rid jamleg for å velje falne og avgjere kampane). Snorri nemner ikkje kjelder her, men ei av kjeldene er ganske sikkert *Vǫluspá*, str. 30 (Codex Regius). Denne strofa fortel at valkyrjene samlar seg før drapet på Baldr, og her er Skuld nemnd som den første, som kan indikere at norna er sett som leiaren for valkyrjene. Truleg har Snorri også ei anna kjelde for at valkyrjene opptrer saman med ei av nornene, for valkyrja Rota er ikkje nemnd i *Vǫluspá*.

Det finst også nokre tekster som viser sterkt avvikande valkyrjemotiv. *Brennu-Njáls* saga, kap. 157, skildrar det såkalla Brjáns slaget i Irland der fleire av dei som hadde vore med på å brenne Njáll og hans hus inn, vart drepne. Samstundes med at slaget stod i Irland, såg ein mann som heitte Dørruðr⁷ på Katanes i Skotland tolv menneske ride til ei kvinnestove og gå inn. Han gjekk til huset og såg inn gluggen. Der såg han at menneska som hadde gått inn i huset, var kvinner, og dei sette opp ein uhyggeleg vev med menneskehovud som vevlodd, mennesketarmar som renning og innslag, sverd som vevskei og pil som skyttel. Medan dei vev, kved dei eit kvad, *Darraðarljóð*. I kvadet, str. 6, omtalar dei seg sjølve som *valkyrjur*, og dei namngjev seg med namn

⁴ Alle strotetilvisingar og sitat frå eddadikt gjeld utgåva til Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason 2014.

⁵ I *Háttatal* inngår kjenningen for valkyrje i ein annan kjenning,

⁶ Oversyn over alle kjenningar for valkyrjer finst i Meissner 1921, 396–398.

⁷ Holtsmark (1939, 84–93) viser at Dørruðr som mannsnamn er ei sekundær tolking.

som dels er typiske valkyrjenamn, t.d. Hildir, Gunnr/Guðr og Gøndul. Men den magiske handlinga, vevinga, som valkyrjene utfører, og som endar livet til mennene på slagmarka, minner mykje om den magiske spinninga til nornene.⁸

Også i eddadiktet *Vølundarkviða* er der eit svært avvikande valkyrje-motiv. Dei tre kvinnene som vert introduserte i første strofe, er kalla valkyrjer i prosainnleiinga. Det er ikkje noko prov for at dei var oppfatta som valkyrjer då diktet vart skapt, men dei må ha vore identifiserte med valkyrjer på det tidspunktet den innleiande prosateksten vart skriven. Dei rid ikkje gjennom lufta på hestar og i fullt krigsutstyr, men dei flyg i svaneham – og liknar dermed på Freyja, som også hadde ein fjørham (jamfør *Brymskviða*, str. 3 og 5). Desse kvinnene, som har lagt svanehamane frå seg, sit på stranda og spinn lin. Det er sagt om kvinnene i str. 1 av diktet at dei vil *þrløg drygja* som har vore forstått på litt ulike måtar, t.d. “tole lagnaden/leve livet sitt” (sjå Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason 2014, vol.1, 429, kommentar til str.1). Men verbet *drygja* kan også bety ‘fullføre/fullbyrde’,⁹ og om ein ser denne verslina i samanheng med spinninga, så utfører dei ei handling som fullbyrdar lagnaden.

Desse kvinnene som er kalla valkyrjer i prosainnleiinga til *Vølundarkviða*, er også framstilte som kongsdøtrer. Slike verdslege parallellar til dei mytologiske valkyrjene finn vi også i andre heltedikt, i *Helgakviða Hundingsbana I* og II og i *Helgakviða Hjörvarðssonar*. *Sigrdrífumál* er, som eg kjem tilbake til, eit noko usikkert døme. I desse dikta rid valkyrjene *lopt* og *løg* som dei mytologiske valkyrjene. Men medan dei mytologiske valkyrjene i kjeldene har som sin hovudfunksjon å velje kven som skal falle i slaget – i samsvar med det semantiske innhaldet i ordet som karakteriserer dei – framstår dei verdslege valkyrjene meir som vernande makter for den helten dei vil støtte. Eit anna trekk ved dei verdslege valkyrjene er at dei er ulydige mot far og vel seg ein annan mann enn den faren har lovt dei bort til. Dette er tema i *Helgakviða Hundingsbana I* og II. Valkyrja Sigrdrífa i eddadiktet *Sigrdrífumál* er i *Vølsunga saga*, kap. 19, kalla Brynhildir, og i kap. 24 identifisert som Brynhildir Buðladóttir. Om Sigrdrífa/Brynhildir skal oppfattast som ei kongsdotter, er dette valkyrjemotivet avvikande i høve til motiva i *Helgakviða Hundingsbana I* og II ved at valkyrja er ulydig mot Óðinn, ikkje mot far, og vert straffa for det. Men det er usikkert om Sigrdrífa verkeleg skal identifiserast med Brynhildir. Det er også mogeleg at vi her har eit dikt om ei mytologisk valkyrje som har gjort opprør mot Óðinn ved å gje sigeren til ein annan mann enn den Óðinn hadde lovd siger, og som på eit seinare tidspunkt har vorte identifisert med Brynhildir.

Truleg kan også forteljinga om den såkalla Hjadingekampen som er overlevert i *Edda*, *Skáldskaparmál*, kap. 50, reknast til valkyrjemotiva.¹⁰ Hildir i denne forteljinga er

⁸ Holtmark (1970, 86; 1975, 468) understrekar at dei to gruppene norner og valkyrjer står kvarandre nær, og ho karakteriserer valkyrjene som “skjebnemakter”.

⁹ Slik er uttrykket forstått av Finnur Jónsson i hans utgåve av *Lexicon Poeticum* (Finnur Jónsson 1931, 89).

¹⁰ Ein variant av forteljinga om Hjadingekampen inngår også i fornaldarsoga *Sörla þátrr eða Heðins saga ok Högna*, kap. 7–9. I denne varianten eggjar ei kvinne med valkyrjenamn, Gøndul, Heðinn til å bortføre Hildir og å drepe mor hennar.

ei kongsdotter som vert bortførd av Heðinn, utan at ho gjer motstand. Men då far hennar går mot Heðinn med ein hær, prøver ho først å mekle, og når det er nyttelaust, tek ho ganske klart parti mot faren. Faren til Hildir og Heðinn kjempar mot kvarandre med kvar sin hær og feller menn for kvarandre, men kvar natt går Hildir til valplassen og vekkjer dei til live, og slik vil kampen gå like til ragnarok. Hildir er ikkje kalla valkyrje i Snorris tekst, men namnet er eit typisk valkyrjenamn, og ho har det til felles med nokre av dei andre valkyrjene som er kongsdøtrer, at ho er ulydig mot far. Ho rid ikkje *lopt ok lög* som er typisk for valkyrjene, og ho vel ikkje kven som skal falle på valplassen. Ho gjev tvert imot livet tilbake til dei falne. Om dette motivet kan reknast til valkyrjemotiva, er det kanskje det mest avstikkande motivet, men svært gamalt. Den første norske skalden vi har kvad etter, Bragi Boddason, viser til forteljinga om Hjadíngekampen i diktet *Ragnarsdrápa* (Finnur Jónsson 1912–15, B I, 1–4). Motivet har også stor geografisk utbreiing utanfor det norrøne området.¹¹

Kjeldene som gjev dette noko mangfaldige biletet av valkyrjene, skriv seg frå ulike periodar og ulike genrar. Snorris *Edda* gjev dei fylldigaste opplysningane, men er skriven av ein kristen, lærd forfattar som har som det primære siktemålet å skrive ei lærebok for skaldar. Som eg vil kome attende til nedanfor, er den euhemeristiske ramma som Snorri set læreboka si inn i, ein faktor som kan ha redusert framstillinga hans som mytologisk kjelde, i alle fall på ein del punkt. Men for at læreboka hans i skaldskap skulle kunne gje unge skaldar hjelp til å forstå den gamle diktinga og sjølv lage skaldskap i samsvar med dei gamle reglane innanfor skaldekunsten, hadde han likevel berre avgrensa fridom til å gjere endringar i forhold til kjeldene sine. Vi ser også at Snorri oftast har støtte for det han skriv om valkyrjene i eldre kjelder, men Snorris kjelder må tilleggjast større vekt enn hans egne tekster.¹²

Valkyrjene og forholdet til andre grupper av mytologiske kvinner

Det som er det dominerande biletet i kjeldene, at valkyrjene er Óðins kvinner som han sender til alle slag for å velje ut kven som skal falle, er også det synet på valkyrjene som er understreka i forskinga, så og seie av alle som har skrive om valkyrjene i den norrøne mytologien. Men som det går fram av omtalen av valkyrjemotiv i kjeldene ovanfor, så er det ein betydeleg variasjon mellom desse motiva.

Valkyrjene viser utan tvil overlappingar med andre grupper av mytologiske kvinner. Dette viser seg alt i namna vi finn i norrøne kjelder på individuelle valkyrjer. Prúðr, som også er namnet på dotter til Þórr, er rekna opp mellom valkyrjene i *Grímnismál*, str. 36, og Eir, som Snorri i *Edda*, *Gylfaginning*, kap. 35, nemner som gudinna for lækjedom, er også rekna opp i *þulur* over valkyrjenamn (Finnur Jónsson 1912–15, B I, 661).¹³ Gná, i *Gylfaginning*, kap. 35, som er framstilt som tenestekvinna til Frigg, rid *lopt*

¹¹ Sjå kommentarar av Anne Holtmark til § 59 i P. A. Munch, revidert av Anne Holtmark, 1967.

¹² Ei god og ballansert vurdering av dei norrøne mytologiske kjeldene finst i Schjødt 2012.

¹³ Dels på grunn av at namnet Eir også finst som valkyrjenamn, har fleire forskarar vore inne på den tanken at valkyrjene kunne gje lækjedom (Müller 1997; Price 2002, 335, Clunies Ross

ok lög, akkurat som valkyrjene, på hesten sin Hófvarpnir. Ein kan ikkje leggje for stor vekt på at same namn vert brukt av kvinner som tilhøyrer ulike mytologiske grupper, eller at Gná, tenestekvinna til Frigg, tek seg fram gjennom lufta på same måten som valkyrjene, tenestekvinnene til Óðinn. Men døma som viser at valkyrjene ikkje ein gong er klart avgrensa mot kvinner som vart rekna til gudinnene, indikerer at dei i den siste fasen av heiden norrøn tid har vore viktige mytologiske vesen. Alle valkyrjemotiva, også dei som ikkje er dei vanlegaste, er interessante kjelder til norrøne religiøse førestellingar.

Dei fleste forskarar som har skrive utførleg om valkyrjene, har lagt vekt på det nære forholdet til andre grupper av mytologiske kvinnelege vesen. Dei uklare grensene mot andre grupper har vore understreka av fleire forskarar i dei siste tiåra (sjå Price 2002, 329–350; Murphy 2013; Bek-Pedersen 2011, 13–72). Fleire forskarar har også framheva at ein må sjå dei norrøne valkyrjene i samanheng med liknande skapningar i trusførestellingar utanfor Norden, m.a. i irsk kultur (Simek 1993, 349–50), eller som del av felleseuropeiske førkristne førestellingar (Egeler 2011). Likskap og overlapping mellom gruppene har vore forklart som resultat av spalting av ei større, og mindre spesialisert, gruppe, disene, eller som resultat av påverknad frå og blanding med andre grupper. Valkyrjene vert også av fleire forskarar framstilte som lite statiske, tvert imot som ein mytologisk skapnad som endra seg i takt med endringar i kultur og samfunn. At valkyrjene endra karakter som følgje av kulturelle endringar i den siste fasen av heiden tid, var hevda av Folke Ström: “Valkyrjorna representerar den heroiskt mytiska utgestaltningen av idén om diserna, präglad av vikingatidens krigerska ideal (Ström 1967 [1961]: 195, sjå også Ström 1954). Korleis valkyrjefiguren har utvikla seg, har også vore behandla av Rudolf Simek. Valkyrjene (*wælcyrge*) som vi kjenner frå gammalengelske kjelder, karakteriserer han som “furies or witches”, og meiner at dei opphavleg var “demons of the dead to whom the warriors slain on the battle field belonged”. Han hevdar valkyrjene som vi kjenner dei frå norrøne tekster, har utvikla seg etter at førestellingane om Valhall endra seg “from a battlefield to a warriors’ paradise”, og at dei var nær knytte til Óðinn både som vi kjenner dei frå norrøne kjelder og tidlegare då dei var dødsdemonar (*demons of death*) (Simek 1993, 349–50; sjå også Mitchell 2001). Simek meiner førestellingane om valkyrjenne i siste fasen av heiden tid vart påverka av førestellingane om skjoldmøyane, dei kvinnelege krigarane. Han seier også at dei kvinnelege krigarane, skjoldmøyane, akkurat som menn som fell i strid, einherjene, kom til Óðinn i Valhall. Den ideen kan verke logisk nok, men ein har ikkje belegg for dette i norrøne kjelder. Særleg dei verdslege valkyrjene i dei norrøne helte-dikta står denne gruppa nær, men skjoldmøyane er i norrøne kjelder ikkje framstilte som halvmytologiske skapningar som rid *lopt ok lög*.

Om valkyrjene, som vi kjenner dei frå norrøne kjelder, har sitt opphav i fleire grupper, er det rimeleg at dei kan ha eigenskapar og funksjonar som viser tilknytning til ulike grupper av mytologiske – og ikkje-mytologiske – kvinner. At dei deler namn

1998, 182). Også forteljinga om Hjadingakampen der Hildir vekker opp dei døde, og *Sigrdrífumál*, der valkyrja gjev lækjeråd, kan gje argument for eit slikt syn. Dette kan også vere eit trekk som knyter valkyrjene til normene sidan normene rådde over både liv og død.

med “dødsdemonane” frå gammalengelske kjelder, viser at dei har eitt av opphava sine i desse vesena. Ein viss likskap med dei kvinnelege fylgjene er lett å sjå. Dei verdslege valkyrjene som vi kjenner dei frå heltedikta, har ein vernande funksjon andsynes den helten dei har sett seg ut, og her har dei ein funksjon til felles med dei kvinnelege fylgjene, som gjerne gav eit spesielt vern til den fremste mannen i ætta (Mundal 1974, 63–105). Men det finst også klare skilnader mellom valkyrjene i heltedikta og kvinnefylgjene sidan dei vernande valkyrjene i heltedikta har eit erotisk forhold til den helten dei støttar, medan kvinnefylgja truleg var å sjå som ei formor som verna ættehovdingen. Denne formora kan også opptre nærmast i ei valkyrjerolle andsynes helten sine fiendar, som t.d. under slaget i Hjørungavåg mellom Hákon jarl og Jomsvikingane. *Jómsvíkinga saga* fortel at Hákon jarl under slaget fekk hjelp av ætta si fylgje Þorgerðr Hølgabrúðr – som også var rekna som stammor – og søster hennar, Irpa. Under slaget kunne synske menn sjå dei to på skipet til Hákon jarl, og det flaug ei pil frå kvar finger til dei to kvinnene, og kvar pil råka ein mann i hæren til Jomsvikingane.

Forskarane som har drøfta forholdet mellom dei ulike kvinnelege vesena, valkyrjer, diser, fylgjer og norner, nemner som regel at nokre valkyrjer i nokre valkyrjemotiv viser klare fellestrekk med nornene, men få har gått grundig inn på forholdet mellom dei to gruppene. Den forskaren som sterkast har understreka at valkyrjene i stor grad overlappar med nornene, er Anne Holtsmark. I artikkelen “Vefr Darraðar” (1939, 95) seier ho: “Som så ofte er begrepene *norn* og *valkyrja* løpet sammen.” I artikkelen “Valkyrje” (Holtsmark 1975, 468) seier ho om valkyrjene at: “De er skjebnemaker like som nornene”. I denne artikkelen vil eg stille spørsmålet om det kan ha funnest førestellingar i den norrøne kulturen som knytte valkyrjene til nornene på liknande måte som dei var knytte til Óðinn.

Valkyrjene, Óðinn og nornene

Det er ingen tvil om at dei norrøne kjeldene gjev det biletet at valkyrjene er spesielt nær knytte til Óðinn. Men førestellinga om at ikkje alle valkyrjer er lydige mot Óðinn eller underlagde hans vilje, er også godt belagt i norrøne kjelder. Forholdet mellom valkyrjene og nornene er etter mitt syn særleg interessant sidan dei begge – etter dei norrøne kjeldene – har som oppgåve å velje mellom liv og død.

Eit interessant poeng i Snorris *Edda*, *Gylfaginning*, kap. 36, er at han seier at valkyrjene rid ut for å *kjósa feigð* saman med Skuld, som var ei av nornene. I det som må vere ei av Snorris kjelder, strofe 30 i *Völuspá* (Codex Regius), opptre Skuld saman med fem namngjevne valkyrjer, Skøgul, Gunnr, Hildir, Gøndul og Geirskøgul. Skuld er nemnd som den første, som kan gje det inntrykket at ho er leiaren for flokken. Dette er forhold som kan gje grunn til å spørje om valkyrjene i norrøne førestellingar kanskje var like nært knytte til nornene som til Óðinn. Å bestemme over liv og død var etter norrøne kjelder nornene sitt domene, og om valkyrjene hadde som si oppgåve å *kjósa val*, så gjev det god meining at dei handlar på vegner av nornene. Men dei klaraste kjeldene seier tydeleg at dei vel ut kven som skal døy på vegner av Óðinn. Dei samla kjeldene

kan tolkast slik at det i norrøn tid fanst to oppfatning som har konkurrert med kvarandre: synet at valkyrjene set nornene sin dom (*norna dómr*) ut i livet, og det varlegare synet at dei handlar på vegner av Óðinn.¹⁴ Det noko avvikande valkyrjemotivet i *Völundarkviða*, str.1, der uttrykket *þrløg drygja* var brukt om kvinnenne i svaneham, vil også, slik eg tolkar det, støtte det synet at valkyrjene fullbyrdar lagnaden, og dermed er knytte til nornene.

Ei mogleg tolking som kunne oppheve motsetninga mellom dei to oppfatningane av kven valkyrjene handla på vegner av, Óðinn eller nornene, ville vi ha om ein kunne oppfatte forholdet slik at valkyrjene valde ut for Óðinn dei beste mellom dei krigarane som alt hadde enda livet etter nornene sin dom. Ei slik mogleg tolking er nemnd av Luke John Murphy i samband med at han kommenterer at Óðinn og Freyja deler valen (Murphy 2013, 47). Sjølve ordet *valkyrja* gjev ikkje svar på om valkyrjene vel ut dei som skal falle, eller om dei vel mellom dei som har falle, så språkleg sett ville den tolkinga vere heilt i orden. Problemet er berre at det neppe er mogleg å finne sterke argument i norrøne kjelder for at dette var oppfatninga i norrøn tid. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ei slik tolking av ordet *valkyrja* har funnest – og kanskje har stått sterkare på eit tidlegare tidspunkt enn det vi finn reflektert i norrøne kjelder.

Som nemnt skriv dei norrøne kjeldene, som gjev eit bilete av valkyrjene, seg frå ulike periodar. Også dei mange ulike førestellingane om valkyrjene skriv seg frå ulike periodar. Simek såg dei uhyggelege dødsdemonane på valplassen som førestellingar som tilhørde eit eldre lag, det same gjer Neil Price (Price 2002, 334). Men vi ser at desse uhyggelege skapningane framleis finst mellom dei skapningane som vert kalla valkyrjer i seine norrøne kjelder, t.d i forteljninga om Brjánslaget i *Brennu-Njáls saga*. Truleg er også den uhyggelege draumekvinna i *Gísla saga Súrssonar*, kap. 22, 24 og 33, og liknande kvinner som viser seg i draum i andre soger, ein variant av desse valkyrjene. Valkyrjenamnet Herfjötur, som siktar til den lammande redsla desse skapningane skapte, viser også den uhyggelege sida ved valkyrjene.

Den mest typiske varianten av valkyrjene, den krigerske kvinna til hest som Óðinn sende ut for å velje kven som skulle døy på valplassen, såg Folke Ström som ein skapning som er prega av det krigerske idealet i vikingtida, og dette er eit syn det seinare har vore stor semje om. Vi ser altså at eldre og yngre førestellingar lever side om side i heiden norrøn tid – og til og med langt inn i kristen tid. Førestellingane om valkyrjene ser ut til å ha stor evne til å tilpasse seg endringar i kulturen. At ulike førestellingane om valkyrjene, kanskje også førestellingar som er i konflikt med kvarandre, finst i den same kulturen, er ikkje uventa. Norrøn religion var ikkje ein dogmatisk religion, og ulike førestellingar kunne leve samstundes. Dessutan kan noko av variasjonen i trusførestellingane som dei kjem fram i skriftlege kjelder, forklarast med at Norden var eit vidstrakt område, og dei norrøne kjeldene kan reflektere geografiske variasjonar, utan at vi alltid er i stand til å fastslå at det er grunnen til variasjonen.

¹⁴ Problemet med at det fanst valkyrjer som ikkje lydte Óðinn, løyste Lotte Motz med at det fanst to typar valkyrjer, den eine gruppa lydte Óðinn, den andre var sjølvstendige (Motz 1980, 178).

Ulydige valkyrjer, kvinnelege kaoskrefter og gudanens avmakt

Vi har sett at det mest typiske biletet av valkyrjene vert sett i samband med den krigerske vikingkulturen. Men også andre førestellingar om valkyrjene er det rimeleg å sjå i samanheng med idear som vart aktualiserte i den perioden den norrøne kulturen kom i kontakt med kristendomen, som truleg også var ein periode då kvinnene si stilling vart aktualisert. I det førkristne norrøne samfunnet hadde kvinnene ei relativt sterk stilling, men var ikkje likestilte med mannen. Interessemotsetningar mellom dotter og far, som vi finn i nokre av valkyrjemotiva i heltediktinga, passar inn i eit samfunn der kvinner med relativt stor fridom måtte underordne seg mennene i ætta, men var sjølvstendige nok til å opponere.

Spørsmålet om kven som rådde over liv og død, Óðinn eller nornene, må ha vore eit heilt sentralt spørsmål i den siste fasen av norrøn heidendom. Motiv som kan tolkast slik at valkyrjene samhandla med nornene, kan gje ein bakgrunn for å forstå motivet med valkyrjer som er ulydige mot Óðinn. Det mytologiske motivet har truleg også vorte påverka av motivet med ulydige kongsdøtrar i heltedikta, og motivet i heltedikta ser ut til å ha vorte påverka av dei mytiske motiva, t.d. viser ei kongsdottervalkyrje som rid *lopt ok lög* klar påverknad frå mytiske mønster. Ulydige valkyrjer er i seg sjølv eit interessant mytologisk motiv som aktualiserer spørsmålet om kva slags bilete det gjev av gudane og den kontroll dei har over tilværet, at dei ikkje klarer å ha kontroll over sine egne kvinner.

Om valkyrjene lydte Óðinn eller sette nornene sin dom ut i livet, er eit spørsmål ein må sjå i samanheng med korleis førestellingane om Óðinn utvikla seg i den siste fasen av heiden tid. Det er truleg at førestellingane om Óðinn må ha fått nye trekk i denne perioden. Ikkje alle norrøne mytologiske kjelder som fortel om Óðinn, er like pålitelege kjelder til førestellingane i heiden tid. M.a. må vi rekne med at nettopp førestellingane om Óðinn i Snorris *Edda* er sterkt farga av den euhemeristiske ramma Snorri plasserer forteljingane om dei norrøne gudane i. At han gjev eit bilete av Óðinn som understrekar parallellar med dei kristne sin gud, må også ha ført til endringar samanlikna med oppfatningane av Óðinn som dei var tidlegare i heiden tid, dette gjeld anten heidendomen vert framstilt som ein parallell til kristendomen, som Ursula og Peter Dronke har argumentert for (Dronke & Dronke 1977, 153 ff.), eller som eit vrengebilete av kristendomen, som Anne Holtsmark har argumentert for (Holtsmark 1964). Når ein ser korleis Hár presenterer Óðinn i *Edda*, *Gylfaginning*, kap. 3, ser ein klart at presentasjonen er lagt så nær opp til kristne førestellingar som mogeleg:

Lifir hann of allar aldir ok stjórnar öllu ríki sínu ok ræðr öllum hlutum stórum ok smám /.../Hann smíðaði himin ok jörð ok loptin ok alla eign þeira /.../ Hitt er mest er hann gerði manninn ok gaf honum önd þá er lifa skal ok aldri týnask.

(Han lever gjennom alle tider og styrer heile riket sitt og råder for alle ting, store og små /.../ Han skapte himmel og jord og lufta og alt som finst der /.../ Det er det største at han skapte mennesket og gav det ei sjel som skal leve og aldri døy.)

Framstillinga av Óðinn som allmechtig gjentek Snorri i *Gylfaginning*, kap. 20: *Hann ræðr øllum hlutum* (Han rår for alle ting). Det kan vere element i denne skildringa av Óðinn, sterkt farga av kristendomen, som har kome inn i den siste fasen av den heidne tida. Denne perioden ser ut til å ha vore prega av ein maktkamp mellom dei to religionane der konkurransen stod om å ha den sterkaste guden. Denne framstillinga av Óðinn som allmechtig skal ein truleg sjå som eit trekk som vart tillagt han i kristen tid av ein kristen forfattar som tolka biletet av Óðinn, den fremste av dei norrøne gudane, i lys av sin eigen religion. Det er likevel sannsynleg at biletet av Óðinn som sterk og mechtig skriv seg frå kristningstida og er skapt for å gjere Óðinn konkurransedyktig i møtet med dei kristne sin allmechtige Gud. Fleire skaldestrofer frå kristningstida viser dette tydeleg (Mundal 1990, 153–156). Samstundes som Óðinn tok opp konkurransen med guden til dei kristne om å vere allmechtig, vert ideen om ulydige valkyrjer, som kanskje var nærare knytte til nornene enn til Óðinn, eit motiv som var eigna til å vise at gudane ikkje var det.

Om Óðinn rådde for alle ting, vart det også heilt logisk at valkyrjene vart underlagde han. Eit dikt som *Grimnismál*, str. 8, seier til og med at det er Óðinn sjølv (Hroptr) som *kýss hverjan dag / vápndaða vera* (vel kvar dag / våpendøde menn).¹⁵

Men i *Völuspá*, str. 30 (Codex Regius) finst eit motiv der valkyrjene vel kven som skal døy, og slik eg vil tolke strofa, i strid med Óðins vilje. Det volva ser her, er valkyrjer som samlar seg i gudeverda før drapet på Baldr:

Sá hon valkyrjur
vítt um komnar,
gørvar at ríða
til goðbjóðar;
Skuld helt skildi,
en Skøgul ønnur,
Gunnr, Hildr, Gøndul
ok Geirskøgul.
Nú eru talðar
nønnur Herjans,
gørvar at ríða
grund, valkyrjur.

(Ho såg valkyrjer / komne frå vidt omkring, / ferdige til å ride / til gudefolket; / Skuld heldt skjold, / Skøgul var ei anna, / Gunnr, Hildr, Gøndul / og Geirskøgul. No er dei rekna opp / Óðins kvinner / ferdige til å ride / over jorda, valkyrjene.)

Korleis denne strofa er å forstå, er omstridt, men det vanlege synet har vore at valkyrjene også her er sende ut for å samle falne krigarar (sjå McKinnell 2005, 4, note), og det

¹⁵ For å fastslå om det er ei førestelling som skriv seg frå heiden tid, at Óðinn sjølv vel kven som skal døy i strid, måtte vi vite om dette diktet – og den aktuelle strofa – har røter i den heidne perioden. Dette veit vi ikkje. Sjølve diktet har vore datert både tidleg og seint. I siste vitskapelege utgåva av eddadikt, gjev utgjevarane uttrykk for det synet at det ikkje er grunn til å rekne med at diktet er ungt (Jónas Kristjánsson & Vésteinn Ólason 2014, vol.1, 185).

er godt belagt i norrøne kjelder at dette gjorde Óðinn for å få nok krigarar i kampen mot jotnane i ragnarok. Eit problem i tolkinga av denne strofa er at valkyrjene rid *til goðþjóðar*, som også har vore forstått på fleire måtar, men den vanlegaste tolkinga er at ordet står for 'gudane'. Når valkyrjene rid til gudane, så er forklaringa til Jónas Kristjánsson og Vésteinn Ólason den at dei har utført sitt oppdrag, og ventar på ragnarok saman med gudane (sjå Jónas Kristjánsson & Vésteinn Ólason 2014, vol. 1, 298–99, kommentar til strofa).

Problemet med denne tolkinga er at på dette punktet i diktet er ikkje ragnarok så heilt nært føreståande. Det er etter mitt syn også logisk å sjå str. 30 i Codex Regius i samanheng med den etterfølgjande strofa som handlar om drapet på Baldr.¹⁶ Begge desse strofene vantar i Hauksbók, og det vert også eit argument for at dei to strofene høyrer saman. Ser ein dei to strofene i samanheng, vert den logiske tolkinga at valkyrjene har noko med Baldrs død å gjere. Som alt peikt på, er Skuld nemnd før opprekninga av dei kvinnene i følget som har typiske valkyrjenamn. Det er nærliggjande å tolke dette slik at Skuld, norna, er leiaren for flokken, og at valkyrjene set nornenes dom ut i livet. At Skuld i dette tilfellet skulle vere å oppfatte som namnet på ei valkyrje, er ikkje truleg. Skuld er få strofer lenger framme i diktet nemnd som ei av nornene. Ein kan kanskje innvende at dei siste fire linene i strofa, som understrekar at valkyrjene er *Herjans nǫnnur* (Óðins kvinner), er eit argument mot den tolkinga at valkyrjene her er under leiing av ei norne, men meininga med å tydeleggjere at valkyrjene er *Herjans nǫnnur*, kan nettopp vere å understreke at guden ikkje ein gong har kontroll over sine egne kvinner.¹⁷ Det var avgjort ikkje Óðins vilje at Baldr skulle døy.¹⁸

Innanfor diktet *Völuspá* er motivet med valkyrjene som opptre saman med ei av nornene, og openbert handlar mot Óðins vilje når Baldr må døy, eit klart varsel om at gudane er underlagde lagnaden. At Óðinn ikkje har kontroll over egne kvinner, viser meir enn noko anna at gudane er i ferd med å tape kontrollen. Innanfor diktet inngår valkyrjene saman med nornene, dei tre tussemøyane, Gullveigr og Heiðr, *in aldna* og andre jotunkvinner i ein kvinneleg maktalliance som driv utviklinga mot ragnarok.

Det andre valkyrjemotivet som heilt eksplisitt seier at ei valkyrje handlar mot Óðins vilje, har vi i eddadiktet *Sigrdrífumál*. Dels gjennom strofer i diktet og dels gjennom prosaavsnitt går det fram at valkyrja Sigrdrífa gav siger til ein annan krigar enn den Óðinn hadde lova siger, og Óðinn straffa henne ved å stikke henne med svevntorn.

¹⁶ I eldre forskning var str. 30 i *Völuspá* (Codex Regius) av fleire forskarar, sett i samanheng med den etterfølgjande strofa om drapet på Baldr. Sigurður Nordal (1923, 71) nemner mellom andre Finnur Jónsson (1911), men avviser sjølv bestemt at dei to strofene skal lesast i samanheng.

¹⁷ Sigurður Nordal, og fleire, har sett dei siste 4 verslinene i strofa som eit yngre tillegg (Sigurður Nordal 1923, 70). Den avvikande strofelengda kan kanskje tyde på det, men er ikkje eit avgjerande argument.

¹⁸ Judy Quinn har argumentert for at den som utforma versjonen av *Völuspá* i Hauksbók har vore spesielt oppteken av ragnarok (Quinn 1990). Denne tolkinga av diktet byggjer ikkje på strofa som er str. 30 i Codex Regius, sidan denne strofa ikkje er med i Hauksbók. Om denne strofa i det heile var kjend for den som utforma Hauksbók-versjonen av diktet, kan vi ikkje vite.

Som diktet står i Codex Regius, er det innordna i diktsyklusen om Sigurðr Fáfnisbani, og i fornaldarsoga *Völsunga saga* er Sigrdrífa identisk med Brynhildr Buðladóttir. Om ein ser bort frå denne identifiseringa i saga, er det heilt uklart om Sigrdrífa er ei kongsdóttir frå menneskeverda som dei andre valkyrjene i helteedikta. Det er fleire ting som skil Sigrdrífa frå dei andre valkyrjene i helteedikta, og som kan indikere at ho er ei mytologisk valkyrje. Ho er ikkje i konflikt med far og eiga ætt, men med Óðinn. Ho har til og med eit namn som kan sidestillast med eit av Óðinn sine namn, Sigrdrífa (den som driv fram sigeren) som tyder om lag det same som Óðins-namnet Sigrhøfundr (opphavsmann til siger, eventuelt: den som tildømer siger). Det er også verdtt å leggje merke til at innhaldet i diktet *Sigrdrífumál* der valkyrja gjev gode råd til helten frå menneskeverda, har svært stor likskap med parti i *Hávamál* der Óðinn gjev råd til menneska. Gjennom alle desse parallellane framstår Sigrdrífa som ein verdig konkurrent til Óðinn – og ho er ulydig.

Sigrdrífa vart stukken med svevntorn som straff for ulydnaden sin, men det var ikkje einaste straffa. Óðinn bestemte også, ifølgje eit prosaavsnitt i *Sigrdrífumál*, at ho skulle giftast. Valkyrjene til hest i fullt krigarutstyr var kvinner som hadde gått ut av kvinnerolla og inn i ei typisk mannsrolle. Mannsroller var til ei viss grad opne for kvinner i den norrøne kulturen, og kvinner som makta å fylle ei mannsrolle, fekk ære av det medan menn berre fekk skam og skade av å opptre i kvinneroller. I det norrøne samfunnet fanst det situasjonar der det var venta at kvinner kunne overta i det minste delar av mannsrolla. Enkjer kom i ein slik situasjon når mannen døde. Då vert dei, etter norske mellomalderlover, overhovud for eit hushald, med dei rettar som følgde med det, mellom anna rett til å møte på tinget. Ugifte kvinner som hadde eige hushald, ser ut til å ha hatt liknande rettar (sjå Mundal 2020). Generelt kan ein seie at i den realistiske sagalitteraturen er sterke og handlekraftige kvinner beundra, men dei skal helst bruke sine sterke sider til å støtte dei mennene samfunnet venta at dei skulle støtte. At dei går mot mennene, er det langt mindre toleranse for.

I heroisk diktning er kvinner som opptre i mannsroller, skjoldmøyar, møykongar og valkyrjer, populære litterære figurar. Dette er kvinner som opptre svært sjølvstendig sjølv om dei har far og brør i live. Møykongane i norrøne tekster er ein kvinnetype som har store likskapar med valkyrja Sigrdrífa. Dei var prinsesser eller dronningar som ikkje ville gifte seg, men ville vere "kongar" sjølve, og dei kunne gå inn i mannsrolla og føre krig. Motivet var særleg populært i dei såkalla islandske riddarsogene, som er soger som er å sjå som mannlege forfatarprodukt frå seinmellomalderen, men kvinnetypen finst også i tradisjonsbaserte fornaldarsoger, m.a. dronning Ólof i *Hrólfs saga kraka ok kappa hans*, og vi kan rekne med at i den munnlege tradisjonen er denne litterære heltinnetypen gammal. I tekstene ser ein reflektert ei noko ambivalent haldning til slike kvinner. Den "lukkelege" slutten i desse sogene vert at kvinna gjev etter for friaren sin og gifter seg. Dermed er ho tilbake i ei "normal" kvinnerolle, og orden i samfunnet er gjenoppretta.

Når Óðinn stikk Sigrdrífa med svevntorn, så tyder det at han – bokstaveleg og i overført tyding – pasifiserer den sjølvstendige og handlekraftige kvinna, og når del av straffa for ulydnaden er at ho skal giftast, så støyter han henne ned frå stillinga kvinner

som var overhovud for eit hushald kunne ha, og tvingar henne inn i ei underordna stilling under ein ektemann. Møykongane kunne oppfattast som eit trugsmål mot mannens makt og orden i samfunnet. Ulydige valkyrjer, som Sigrðrifa, var eit trugsmål mot makta til gudane, og avslørte at gudane ikkje hadde full kontroll over tilværet. Som dei sterke og handlekraftige kvinner i menneskeverda er valkyrjene eit ideal så lenge dei handlar til beste for gudane. Om dei handlar mot viljen til gudane, vart dei kaoskrefter som driv handlinga mot ragnarok. Både valkyrjene som er leia av ei norne i *Vøluspá* og valkyrja som vert pasifisert og truga med ekteskap i *Sigrðrifumál*, er ulydige valkyrjer som på same tid representerer eit kvinneideal og ein fare om dei får følgje sin eigen vilje.

Konklusjon

Biletet av valkyrjene som Óðins kvinner som vel ut dei som skal falle i strid, er det dominerande både i kjeldene og i forkinga. Men dei ulydige valkyrjene i *Vøluspá* og *Sigrðrifumál* er eigna til å problematisere forholdet mellom valkyrjene og Óðinn. Valkyrjene i *Vøluspá*, og i Snorris *Edda*, som er i følgje med norna Skuld, kan indikere at valkyrjene set norrenes dom ut i livet. Den nære tilknyttinga valkyrjene har til norne, vert støtta av kjelder som *Darraðarljóð* og *Völundarkviða* der valkyrjene skaper lagnad ved å veve eller spinne. Motiv som gjev valkyrkjene evne til å gje lækjedom eller kunnskap om lækjedom, som forteljinga om Hjadingekampen og *Sigrðrifumál*, knyter dei truleg også til norne, sidan norne rådde både over liv og død. Det faktum at i nokre motiv er valkyrjene Óðins kvinner, i andre viser dei nær tilknytting til norne, passar inn i det som må ha vore eit viktig spørsmål i den førkristne norrøne religionen: kven var den høgste makta i tilværet, Óðinn, den mektigaste av gudane, eller norne? Framstillinga av valkyrjene som Óðins kvinner understrekar makta til gudane, medan valkyrjer som var ulydige mot Óðinn og som viser tilknytting til norne, indikerer at gudane ikkje har kontroll over dei og over kva som vil hende. Samstundes passar desse ulydige valkyrjene inn i eit mytisk mønster der dei kvinnelege maktene representerer kaos som stod i motsetning til gudanes ordna tilvære.

LITTERATUR

Primærkjelder

Brennu-Njáls saga, 1954. Íslenzk fornrit 12, Einar Ól. Sveinsson, red. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík.

Eddukvæði, I Goðakvæði, II Hetjukvæði. 2014. Íslenzk fornrit, Jónas Kristjánsson & Vésteinn Ólason, red. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík.

Finnur Jónsson, red. 1912–15. *Den norsk-islandske skjaldedigtning*, A I–II, B I–II. Gyldendalske boghandel og Nordisk forlag, København & Kristiania.

Gísla saga Súrssonar, 1943. Íslenzk fornrit 6, Björn K. Þórólfsson og Guðni Jónsson, red. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík.

Hrólfs saga kraka ok kappá hans. 1950. Fornaldar sögur Norðurlanda 1, Guðni Jónsson,

- red. Íslendingasagnaútgáfan, Reykjavík.
- Jómsvíkinga saga – Soga om Jomsvíkingane*. 1931. Albert Joleik, red. og oms. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Snorri Sturluson. 1988. *Edda. Prologue and Gylfaginning*, Anthony Faulkes, red. University College London, London.
- Snorri Sturluson. 1998. *Edda. Skaldskaparmál, 1: Introduction, Text and Notes*, Anthony Faulkes, red. University College London, London.
- Snorri Sturluson. 1999. *Edda. Háttatal*, Anthony Faulkes, red. University College London, London.
- Sörla þáttur eða Heðins saga ok Högna*. 1950. Fornaldar sögur Norðurlanda 1, Guðni Jónsson, red. Íslendingasagnaútgáfa, Reykjavík.
- Völsunga saga*. 1950. Fornaldar sögur Norðurlanda 1, Guðni Jónsson, red. Íslendingasagnaútgáfan, Reykjavík.

Sekundærkjelder

- Bek-Pedersen, Karen. 2011. *The Norms in Old Norse Mythology*. Edinburgh: Dunedin.
- Clunies Ross, Margaret. 1998. *Prolonged Echoes – vol. 2. The reception of Norse myths in medieval Iceland*. The Viking Collection 10. Odense: Odense University Press.
- Dronke, Ursula og Peter Dronke. 1977. "The Prologue of the Prose *Edda*: Explorations of a Latin Background." I *Sjötíu ritgerðir helgaðar Jakobi Benediktssyni 20. júlí 1977*, red. Einar G. Pétursson & Jónas Kristjánsson. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar.
- Egeler, Matthias. 2011. *Walküren, Bodbs, Sirenen: Gedanken zur religionsgeschichtlichen Anbindung Nordwesteuropas an den mediterranen Raum*. Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 71. Berlin. De Gruyter.
<https://doi.org/10.1515/9783110246612>
- Finnur Jónsson. 1911. *Völu-spá. Völvens spaadom*. Studier fra sprog og oldtidsforskning 84. København: Philologisk-historiske samfund.
- Finnur Jónsson. 1931. *Lexicon Poeticum. Antiquæ linguæ septentrionalis. Ordbog over det norsk-islandske skjaldesprog oprindeligt forfattet af Sveinbjörn Egilsson*, 2. utgave. København: Møller.
- Holtmark, Anne. 1939. "Vefr Darraðar," *Maal og Minne* 1939: 74–96.
<https://doi.org/10.1113/jphysiol.1939.sp003758>
- Holtmark, Anne. 1964. *Studier i Snorres mytologi*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo, II. Hist.-Filos. Klasse, Ny Serie. No. 4. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holtmark, Anne, red. 1967. P. A. Munch: *Norrøne gude- og heltesagn*, 5. rev. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holtmark, Anne. 1970. *Norrøn Mytologi. Tro og myter i Vikingtiden*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Holtmark, Anne. 1975. "Valkyrje." I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 19, 468-469. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- McKinnell, John. 2005. *Meeting the Other in Norse Myth and Legend*. Cambridge: Brewer.
- Meissner, Rudolf. 1921. *Die kenningar der Skalden*. Bonn & Leipzig: Kurt Schroeder.
- Mitchell, Stephen. 2001. "Warlocks, Valkyries and Varlets: A Prolegomenon to the

- Study of North Sea Witchcraft Terminology." *Cosmos* 17: 59–81.
- Motz, Lotte. 1980. "Sister in the Cave: The Stature and the Function of the Female Figures of the Eddas." *Arkiv för nordisk filologi* 95: 168–182.
- Mundal, Else. 1974. *Fylgjemotiva i norrøn litteratur*. Oslo Bergen & Tromsø: Universitetsforlaget.
- Mundal, Else. 1990. "Kristninga av Noreg og Island reflektert gjennom samtidig skaldediktning." *Collegium Medievale* 3 (1990/92): 145–160.
- Mundal, Else. 2020. "Kva hedde kvinnene på tinget å gjere? Kvinneroller på tinget etter norske landskapslover og Landslova." I *Lov og lovgivning i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov*, red. Anna Catharina Horn og Karen Arup Seip, 212–251. Oslo: Nota Bene.
- Murphy, Luke John. 2013. "Herjans dísir: Valkyrjur, Supernatural Femininities, and Elite Warrior Culture in the Late Pre-Christian Iron Age." MA-avhandling, Háskóli Íslands.
- Murphy, Luke John. 2022. "Distinguishing Discourses of the *Dísir*." In *The Wild Hunt for Numinous Knowledge: Perspectives on and from the Study of Pre-Christian Nordic Religions in Honour of Jens Peter Schjødt*, edited by Karen Bek-Pedersen, Sophie Bønding, Luke John Murphy, Simon Nygaard, and Morten Warmind. [Special issue of] *Religionsvidenskabeligt Tidsskrift* 74: 317–340.
- Müller, Gunter. 1976. "Zur Heilkraft der Valkürrie." *Frühmittelalterliche Studien* 10: 350–361. <https://doi.org/10.1515/9783110242096.350>
- Price, Neil S. 2002. *The Viking Way. Religion and War in Late Iron Age Scandinavia*. Uppsala: Uppsala University Press.
- Quinn, Judy. 1990. "*Völuspá* and the Composition of Eddic Verse." I *Poetry in the Scandinavian Middle Ages*, red. Terasa Pàroli., 303–320. Spoleto: Presso la sede del Centro studi. Første versjon av artikkelen i: *The Seventh International Saga Conference, Spoleto, 4–10 September 1988: Poetry in the Scandinavian Middle Ages. Preprints*, Centro italiano di studi sull 'alto medioevo, Spoleto, 1988.
- Quinn, Judy. 2007. "'Hildir Prepares a Bed for Most Helmet-Damagers'. Snorri's Treatment of a Traditional Poetic Motif in his *Edda*." I *Reflections on Old Norse Myths*, red. Pernille Hermann, Jens Peter Schjødt og Rasmus Tranum Kristensen, 95–118. Turnhout: Brepols.
- Schjødt, Jens Peter. 2012. "Reflections of Aims and Methods in the Study of Old Norse Religion." I *More than Mythology. Narratives, Ritual, Practices and Regional Distribution in Pre-Christian Scandinavian Religions*, red. Catharina Raudvere og Jens Peter Schjødt, 263–287. Lund: Nordic Academic Press.
- Simek, Rudolf. 1993. *Dictionary of Northern Mythology*, omsett av Angela Hall. Cambridge: D. S. Brewer.
- Sigurður Nordal. 1923. *Völuspá*. Fýlgjurit. Árbók Háskóla Íslands 1922–23. Reykjavík: Prentsmiðjan Gutenberg.
- Ström, Folke. 1954. *Diser, Norner, Valkyrjor. Fruktbarhetskult och sakralt kungadöme i Norden*. Stockholm: Almquist & Wiksell.
- Ström, Folke. 1967 [1961]. *Nordisk hedendom. Tro och sed i förkristen tid*. Göteborg: Akademiförlaget.